



## REFERAT FRÅ STYREMØTE I REGIONRÅDET VEST

Mandag 13. desember 2010 kl. 09.00 – 12.00 Fjell Rådhus

Til stades:

Ordførar Knut Hanselmann  
Ordførar Eli Årdal Berland  
Ordførar Ove Bernt Trellevik  
Ordførar Olav Martin Vik

Rådmann Steinar Nesse  
Rådmann Gerhard Inge Storebø  
Rådmann Torgeir Sæter  
Rådmann Odd Magne Utkilen  
Sekretariatet: Per Hillestad og Dag Thorvaldsen (ref)  
Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke

Til sak 41 og 42 møtte:  
Asbjørn Algrøy (BRB)  
Vidar Totland (BRB)  
Tone Christin Haugland (ANF)  
Per C Aarsand (VNR)  
Bård Sandal (Askøy Kommune)  
Sigmund Kvernes, Gode Sirklar møtte til sak 41,42 og 43  
Roger Granheim (Askøy kommune) møtte til sak 44

Styreleiar Olav Martin Vik leia møtet.

Saksliste:

- Sak 39 . Innkalling
- Sak 40. Referat (2 vedlegg)
- Sak 41. Dialog næringsliv
- Sak 42. Næringerssamarbeid
- Sak 43. Komparative fortrinn
- Sak 44. Felles Ansvar - Evaluering
- Sak 45. Statusrapport - prosjekt
- Sak 46. Budsjettprogram
- Sak 47 Tinget i Vest
- Sak 48. Tomteselskap
- Sak 49. Møteplan 2011
- Sak 50. Samferdsel
- Sak 51. Meldingar, Status m.v.
- Sak 52. Eventuelt

Elektroniske vedlegg til innkallinga:

- SAK 40 - Referat seminar
- SAK 40 - referat 30.08.2010
- SAK 42 - oppfølging av BRBs SNP
- SAK 43 - Komparative fortrinn

*Til sak 44 – Felles Ansvar:*

- Oppsummering av forprosjektet
- Sluttrapport 30.09.10
- Vedlegg prosjektplan 29.10.10
- SAK 44-Brev sponsor
- SAK 45-Status prosjekter
- SAK 46-BUDSJETTPROGRAM 2011 v2
- SAK 48-Tomteselskap
- SAK 51 Klimapolitisk nettverk
- SAK 51 LMS-løypemelding

## **Sak 39. Innkalling**

*Vedtak: Innkallinga godkjent*

## **Sak 40. Referat**

*Vedtak: Referat godkjent*

## **Sak 41. Kva kan Regionrådet Vest gjera for næringslivet – dialog**

## **Sak 42. Næringsamarbeid**

Sak 41 og 42 vart drøfta i samanheng.

Styret har tidligare diskutert eit tettare næringssamarbeid i regionen, og har trekt fram Gode Sirklar som eit felles verktøy. Styremøtet 30.august ble oppsummert med:

- *Gode Sirklar ynskjer å ta eit initiativ til eit vidare utviklende prosjektarbeid i næringsplansamanheng.*
- *Arbeidet med samordning av Gode Sirklar og næringsfunksjonen i Askøy held fram.*
- *Regionrådet Vest kan og ha ein forankrande og koordinerande funksjon i samhandlinga mellom dei einskilde kommunane og BRB.*

Gode Sirklar AS la fram forslag til etablering av eit prosjekt for oppfølging av BRB sin næringsplan i Region Vest. Forslaget omhandler etablering av eit prosjekt med ein bredt samansatt styringsgruppe frå næringsliv, forvaltning og FoU, og kor Gode Sirklar og næringssjefen i Askøy kommune utgjør den operative ressurs for gjennomføring.

Rådmannsgruppa hadde saka oppe til drøfting 6.desember, og ser gjerne ei avklaring m.o.t. Askøy si deltaking i Gode Sirklar AS før vidare framdrift.

Viktig å bygge vidare på områder vi er gode t.d. marine næringar og Subsea.

Regionen vil ha stor vekst i årene som kommer. Må sikre tilstrekkelige areal til nærings- og bustadformål tilpasset eksisterande og nye aktørar. Kommunanes ulikskap må tas omsyn til i det vidare arbeidet, og prosjektet må gis ein politisk forankring.

Synspunkt frå næringsliv:

Regionen bør få ”konsernoppgåver” i forhold til storregionen. Trenger RRV til å skaffe midlar til vidare utvikling av regionen. Kommunane må ha nok areal til næringsformål på land og ved sjø som tar omsyn til smb segmentet så vel som store aktørar.

*Vedtak a): Styret gir sin tilslutning til Gode Sirklar AS sitt framlagte forslag m.o.t. vidare arbeid med Business Region Bergen (BRB) si strategiske næringsplan.*

*Vedtak b): Eigarane av Gode Sirklar AS sender en formell førespurnad til Askøy kommune om deltaking i Gode Sirklar AS.*

### **Sak 43. Komparative fortrinn (vedlegg)**

Styret har bedt om å få gjennomført ei analyse av regionens komparative fortrinn. Gode Sirklar har blitt forspurt om å leie dette arbeidet, og har lagt fram ei prosjektskisse. Det er naudsynt å avklare dei økonomiske rammene for arbeidet.

Rådmannsgruppa hadde saka oppe til drøfting 6.desember, og rår til at saka vert sett i samanheng med Agenda AS sin rapport vedkommande Regional utvikling og tenesteproduksjon.

*Vedtak: Styret gir sin tilslutning til Gode Sirklar sitt forslag. Det vidare arbeidet må bygge på rapport frå Agenda Kaupang og må forankrast politisk.*

### **Sak 44. Felles Ansvar - Evaluering (4 vedlegg)**

Forprosjektet har lagt fram sluttrapport og forslag til hovudprosjekt. Rapporten viser at det er god oppslutning kring visjon og målsetjingane til eit Felles Ansvar prosjekt og at det er betalingsvilje blant næringslivet og frivillige organisasjonar. Det er såleis eit grunnlag for å etablere eit hovudprosjekt – Felles Ansvar.

Rapporten synliggjør serskilt to faktorar som må avklarast før ein går i gang med eit prosjekt med lengre varigheit.

1. Organisering
2. Finansiering

Askøy kommune v/ Roger Granheim la fram ei skisse til løysing tufta på forprosjektet og kommunen sine røynsler.

*Vedtak: Det blir i sett gang eit felles prosjekt i de 4 kommunane og som blir nemnd – Felles Ansvar. Prosjektet tar med seg tilrådingane i forprosjektet ”Felles Ansvar” og erfaringar frå eigne kommunar. Askøy kommune tar ansvaret for å samordne/leie prosjektet. Styret ber om tilbakemelding på framdrift av prosjektet innan 1.kv. 2011.*

### **Sak 45. Statusrapport – prosjekt (vedlegg)**

Sekretariatet har utarbeidd ein statusrapport over prosjekt og anna samarbeid i regionen.

*Vedtak: Styret tek saka til orientering.*

### **Sak 46. Budsjettprogram (vedlegg)**

Sekretariatet har utarbeidd eit budsjettprogram for 2011 m/ kostnadsoverslag.

*Vedtak: Styret sluttar seg til programmet.*

## **Sak 47. Tinget i Vest**

*Vedtak: Tinget vert halde 7. februar 2011 på Askøy kl. 08:30 – 12:00*

*Dette vert eit halvdagsmøte med tre hovuddelar med fagdel, informasjon og drøfting med sikte på å få politisk forankring.*

## **Sak 48. Tomteselskap (vedlegg)**

Rådmennene ber om å få styringssignal frå ordførarane om ein skal setja i gong utgreiingsarbeid vedkomande eit felles tomteselskap i dei fire kommunane.

*Vedtak: Rådmennene førebur ei prinsippsak for kommunestyra.*

## **Sak 49. Møteplan 2011**

Forslag til møteplan 1. halvår 2011:

Rådmannsmøte	Styremøte
31. januar	
14. mars	21. mars
2. mai	
20. juni	27. juni

*Vedtak: Møteplanen vert lagt til grunn.*

## **Sak 50. Samferdsel**

Status Sotrasamband, vegutbygging på Askøy m.v.

Drøfting: Kva for rolle kan Regionrådet Vest ha med omsyn på vegutbygging i regionen?

*Vedtak: Sekretariatet lagar ei skisse til rolla som RRV skal ha til neste styremøte.*

## **Sak 51. Meldingar, Status m.v.**

- Klimapolitisk møteplass (vedlegg)  
*Vedtak: RRV sine representantar er ordførarane i Øygarden og Sund.*
- Lokalmedisinsk senter (LMS) – løypemelding dagsett 7/10-10. (vedlegg)

Referent: Dag Thorvaldsen